



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:  
2013/011865-009

Dykkar referanse:

Vår dato:  
19.12.2014

### **Uttale - Radøy kommune. Detaljregulering for Dudlatun næring- og visningscenter til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.**

Viser til brev frå dykk dagsett 5. november 2014: *Plansak 12602012000700 - detaljregulering - Dudlatun næring- og visningscenter - utsending for 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.*

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### **Saka gjeld**

Føremålet med planen er å leggje til rette for visningscenter, kontor og lager. Tilkomst til planområdet vil skje via kommunal veg og kryss med fv 409 hp 50 ved km 2,075. Statens vegvesen har i brev dagsett 31. januar 2013 gjeve uttale til planoppstart.

#### **Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med reguleringsplanen**

I vår uttale til oppstart står det mellom anna at «*Statens vegvesen ser det som ein føresetnad at krysset mellom kommunal veg Syltaneset og fylkesveg Rosnesvegen (Fv 409, hp 50 ved km 2,075) vert utbedra før det aktuelle visningscenteret vert teke i bruk. Utbetring av krysset slik at dette tilfredsstillar krava i handbok 017, må inngå som eit rekkefølgekrav i planføresegnene.*»

Rekkefølgekravet gjeld forhold utanfor planområdet, og er heimla i PBL § 12-7 pkt. 10. Slike typer føresegnar er omtalt i Miljøverndepartementets veileder<sup>1</sup> s. 60, kor det mellom anna går

<sup>1</sup> [http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/veiledninger/2011/reguleringsplanveileder.html?regj\\_oss=1&id=613879](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/veiledninger/2011/reguleringsplanveileder.html?regj_oss=1&id=613879)

fram «I bestemmelser kan det fastsettes rekkefølgekrav som forutsetter at tiltak også utenfor planens områdebegrensning er iverksatt/gjennomført før planen tillates gjennomført...»

Ut frå planskildringa har konsulent gjort følgjande vurdering: «Besøka til visningscenteret vil være avgrensa og det vil i stor grad være snakk om skuleklassar eller liknande som besøker visningscenteret på kvardagar. Tiltaket vil med dette føre til særst lite trafikk og det er difor vurdert at det ikkje er naudsynt med ekstra tiltak i den kommunale vegen.»

Frisikt i det omtala krysset mellom den kommunale vegen og fylkesvegen er svært dårleg. Av statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging går det fram at planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremje god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Handbøkene er ei rettesnor og viser ei minimumsløysing for å ivareta dette. Krysset tilfredsstillar ikkje krava til frisikt gjeve i handbok N100 og V121 kapittel 3.12.

Statens vegvesen er uroa over at det kan skje trafikkulykker i krysset dersom frisikt ikkje vert utbetra. Vi vil rå sterkt ifrå at kommunen som planmynde godkjenner ein plan som legg opp til auka bruk av krysset før sikt vert utbetra, då dette vil vere i strid med mellom anna statlige planretningslinjer og handbøkene. Frå vår side vil det framleis vere eit krav at det vert laga eit eige punkt i føresegnene som sikrar at krysset vert utbetra før det vert gjeve løyve til tiltak som fører til utvida bruk av det.

Utover ovannemnde har ikkje Statens vegvesen vesentlege merknader til planframlegget.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*  
Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Anne Marta Espelund*  
Anne Marta Espelund

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, regional@hfk.no  
Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no